

## Framlegg til plan for orienteringskart i Nordhordland.

### **Meland kommune** 14,5 km<sup>2</sup> (NB! tilnærma areal )

- Vikebø, Skintveit, Lunden 3,5 km<sup>2</sup>
- Hjartåsfjell - Hjertåsmarka 2,5 km<sup>2</sup>,
- Krossfjellet, Bjørnestad og Meland 2,5km<sup>2</sup>,
- Håøy og del av Flatøy 1 km<sup>2</sup>
- Grasdalen skule og Vestbygd skule 1 + 1 km<sup>2</sup>
- Mjåtveitstø (mot Furefjell) 0,5 km<sup>2</sup>
- Frekhaugområdet (sprintkart) 2,5 km

### **Radøy kommune** 16 km<sup>2</sup>

- Haukåsen 6 km<sup>2</sup> (11 km<sup>2</sup>)  
Kommentar: Orientering kan også verte knytt mot aktiviteter på skytebanane på Haukåsen (felt-løp, familiedager med tur, fiske etc).
- Nøttveitveten 3 km<sup>2</sup>
- Austmarka – Olsvoll – Sæbø 2 km<sup>2</sup>
- Manger 4 km<sup>2</sup>
- Skulekart: Hordabø skule og Sæbø skule 0,5 + 0,5 km<sup>2</sup>

### **Lindås kommune** 39 km<sup>2</sup>

- Tveitevarden - Kvamsfjellet – Alversund 7 km<sup>2</sup>
- Indregardsfjellet 3 km<sup>2</sup>
- Træland, Bruvoll, Haugsfjellet Gaulåsen (området sør og vest for Fjellangsvågen og Haukåsstraumen. 7 km<sup>2</sup>
- Totlandfjellet (Totlandsåsen) 5 km<sup>2</sup>
- Torrvatnet - Eikanger skule 1,5 km<sup>2</sup>
- Kopperdal – Hjelmtveit – Åse 2,5 km<sup>2</sup>
- Haukåsen – Kløvheim - Fammestad 2,5 km<sup>2</sup>
- Skulekart: Ostereidet, Lindås, Seim, Alversund, Myking og Leknes; totalt 3 km<sup>2</sup>
- Knarvik og Alvermarka : 2 + 1 km<sup>2</sup> (Sprintkart)
- Baståsen 8 km<sup>2</sup>  
Kommentar: Idrettslaget Gular arbeider med nytt kart over området.
- Gladihaug – Hopsdal 7 km<sup>2</sup>  
Kommentar: Kartet treng oppdatering og verte utvida til å omfatte Seim, Kleivdal, Leknes og Knarvik så det dekker området fra Knarvik til Hopsdal. I praksis vil det bestå av fleire deler.

### Stort brukspotensiale

Ved kommunesamanslåing vil det vera 14 barneskular og 7 ungdomsskular i Alver kommune. I tillegg er det stor vg. skule i Knarvik og to folkehøgskular. Med unnatak av Gladihaugkartet vil alle kart vera i nærleiken av skulane. O-kartene blir dermed ein viktig ressurs for uteskule og utegym. Nye kart vil gjera det attraktivt og for Bergensklubbar å legge større orienterings arrangement til Alver kommune.

### Estimert brukstal

Skuleorientering :

(170 klasser 4.-10. klasse, pluss vg skule og folkehøgskular

(fem årlege økter, gj.elevtal 20/klasse

17000 timar

Lokale o-løp, bedriftsløp, kretsløp, o-trening og tur-O, Turlaget

5000 timar

Estimert antal årleg brukstimar ved realisering av kartplan :

22 000 timar

### Samanlikning bygging og drift av idrettsbygg

Om ein samanliknar med brukstal for idrettsbygg som t.d. idrettshall vil totalbruken bli langt lågare, men totalkostnaden for realisering av kartplanen er bare 1/25 del av kostnad til idrettshall på 50 mill. kr. Drift vedlikehald/oppdatering er minimale.

### Sponsormidlar

Både deler av framsida og baksida på kartet kan nyttast til annonser. Karta blir lagra digitalt og papirkopier vert trykt kun etter etterspørsel. Dette medfører både enkel oppdatering av kartene og at sponsorer/annonser kan verte tilpassa enkeltarrangement eller tidsperioder.

Med venleg helsing

O-gruppene i idrettslag i Nordhordland

Kontaktperson:

Øivind Eikefet

Regionskontakt Nordhordland, Hordaland Orienteringskrets